

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav.

Oppskr. av: Ola E. Skusa's

(adresse): Lokenedal

Fylke:

Herad:

Bygdela:

Gard:

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bestepastor har eg høyrte av far min, gardbr.: Erik Skusa's  
som no er 62 år.

## SVAR

1. Namn for anna slag for her er ordet "nødsfor"; det sa til dømes at dei føra åttåt med brot og skav.

2. Ein hadde ikkje her noko anna samnamn for desse førlaga enn "nødsfor".

3. Det heiter her: i skavva, og det har same form i alle tider.

4. Her i bygda har det nok vore brukt skav til krøkerfor, men det har ikkje vore vanleg for, men berre nytta som nødsfor. Det var helst på gardar som låg høgt til bygds, der jordvidda var heller lita, og ikkje så stor høvavling, og når det så vart sein var låst ein dy til skav og brot til å dryga ut det andre føret.



5. Det var for det meste björk som vart nytta til skav her, da det fins like rogn. Rogn var halde for å vera beste trestlaget til skav. Opp kunne og bli brukt, men dyra lika ikkje den så godt av di den var sterk i smak. Den var og mindre heldig da den kunne selja smak på mjölk og smör. Men fins ikkje her; og fjerr var ikkje brukt til skav.

6. Same kva trestag som vart brukt så nytta ein ordet skav.

7. Noko slag rim om dei ymse slag skav har me ikkje her.

8. Det var helst berre kyr og ungnaut som fekk skav. Tustane fekk aldri skav. Det var helst på vårparten at ein nytta skav, i vårkampa, når det tok til å vera like høyt. Ein blanda ikkje skavet saman med anna for, men slo det opp i basen som det var.

Til same nytta ein mykje fjerr som skav. Når ein køyrde heim fjerrkvist frå skogen til ved, så var det mykje brukt å leggja dei friske kvistane inn i sauebungen å la sauen gnaga av borken. Dette kalla ein for "kvav". Det er til dels brukt no og, av di ein reknar med at sauen her får ymse vektuge meringsemner.



9. Det verka nok slik at det vart  
 kuller meir mjölk av skav, og smøret  
 vart gult og fint. Gjense bestag sette  
 heisk smak på mjölka, som t. d. asp,  
 og likein av dei andre slaga og, så-  
 framt ein nytta større mengder!

Her var det mykje brukt å leggja  
 den oppskorne borken utover eit golv  
 så han tørka. Den tørre borken koka  
 dei og gav veska til kyrne, og denne  
 "borklängen" var kyrne svært glad i.  
 Etterpå fekk dei borken som no var  
 både mjuk og varm.

10. Såframt der var noko fersk ved  
 i den veden som var køyrd fram  
 til treusel så tok ein skav av den.  
 Men for det meste var denne veden  
 hoggen av rota om vinteren så den  
 var tørr. Så veden til skat laut  
 ein helst hogga når ein skulle  
 ha hau, og så helst om våren; og da  
 laut ein helst passa på når det  
 var skare om morgonane slik at  
 snøen bar opp, så ein fekk dra  
 fram veden. Elles kunne det verta  
 slitugt både for hest og kar når  
 det var mykje snø om vårane.

11. Om å henta skav-ved så ein  
 her: "Ein va i vei å henta skav."  
 eller "brøtt", - det var bjørkekvist som  
 ein nytta til nødsfor, men det skal  
 eg ikkje koma meir inn på her, for  
 det kjem vel frutig som eige erune.



12. Denne veden kalla ein „skavved.“

H

13. Gjærningsordet marka er ukjent her. Var dei i veg å henta lauv sa dei: „dei va på lavtaking.“ eller „dom va på kjötom å to mæsså.“

14. Det var helst i vårknipa at det var vanleg å bruka skav. Eg trur ikkje det var rekna for hardare arbeid å henta skav-ved enn å gjera anna skogsarbeid. Eg har ikkje høyrte at dei skulle henta skavved Langfredags morgon, Men gamle folk har fortalt at karane var åt skogen og køyrde fram brennved og kløyvde sund for det vart gjest om Langfredags morgon.

15. Det var helst verst som avgjorde kor ein laust halda til med skavinga. Var det skygger og kaldt, held ein nok til inne i stua; ellers held ein til i vedskjulet.

16. Til skavinga nytta ein her helst berre ein vanleg tollekniv. Til å taka „brött“, bruka ein som regel ein lauvsigt, som var laga av ein avskutta gåspik som det var festa eit rustkast på.

17. Skavveden var her først kappa og hoggen som vanleg brennved



5  
for ein skor borken av. Unnatke  
var her store björkar som ein  
ville ha til enno til moko be-  
arbeid; desse laut ein skava av  
heile. Av björk laut og flekkja av  
noveren, da den er ubrukelig som  
krøterfor; var det rogn slapp ein det.

Skavinga gjorde ein på den  
måten at ein sette seg på ein  
krakk i stova eller på hoggestabben  
i vedskjulet. Ein tok då vedskia  
i vinstre handa og stødde ho mot  
knut (vinstre) og hadde då kniven  
i høgre handa. Var det store  
skier og tjukk bork kunne ein  
støta ein enden mot krakken  
eller stabben. Var borken  
tjukk, laut ein skjira slik at  
borkskivene ikkje vart for tjukke  
da den elles vart for hard å  
sygga.

18. Noko anna slag utstyr enn  
det eg alt har nemnd har ikkje  
vort brukt her.

19. Sjå pkt. 17.

20. Ein kalla veden skav=ved.  
Veden av furu som ein la inn  
til såne kalla ein "knar-ved"

21. Borken ein skor av kalla ein  
"skav" enten bitane var store  
eller små.



22. Av rogn kunne ein skave  
tunne kjepper, men det går ikkje  
med bjørk der nura skull takast  
vekk.

23. Den veden som var kløyvd opp  
i skier kallar ein "skavved" eller  
"skav-skier". Klubber av bjørk som  
var skavne heile, dersom dei var  
skikka til materialer, kaltes  
"skava-klubber" eller "skava-strau-  
ger" alt etter som dei var lange.  
Tunne kjepper av rogn vart kalla  
"skavakvist".

24. Skavet skal helst vera tørt  
og fint. Dersom borken var fjukt  
lånt ein skjera flere gonger. Ein  
skor av all borken, men ein lånt  
passa på så det ikkje kom med  
noko av treet. At den eine kunne  
vera likare enn hin til å skava  
har eg ikkje hørt.

25. Når skavveden vart lagt i  
sola om våren tørka den fort, og  
den var godt likt av bakslekono-  
ne til flatbrødbaking.

26. Nå er bruken av skav fallt  
ut or bruk. Det var i kring  
år 1910 at dei siste slutta  
med det. Vart det formangel  
no så vart det heller kjøpt høy.